

MØTEINNKALLING – REPRESENTANTSKAPET I SKNG

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 12. mars 2024	Kl. 14.30-16.00	Vågå kommunehus, formannskapssalen

Medlemmer blir med dette innkalla:

Edel Kveen (Skjåk), Kristian Frisvold (Lom), Svein Holen (Vågå), Monica Håskjold Eide (Sel), Aud Gjørwad (Dovre) og Oddvar Romundset (Lesja).

Varamedlemmer møter berre etter nærare varsel:

Kristen Haugen Dagsgard (Skjåk), Bjørn Ola Aukrust (Lom), Karola Wenzel (Vågå), Kjetil Eide (Sel), Frode Stordal (Dovre) og Anne Cathrine Enstad (Lesja).

Evt. forfall må varslast snarast til sekretær Elin Marit Andgard (tlf.nr 481 96 875 e-post: elin-marit.andgard@sel.kommune.no). Forfall må grunngjevast.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 1/24	Konstituering: Val av leiar og nestleiar
Sak 2/24	Årsmelding og årsregnskap
Sak 3/24	Omdanning SKNG
Sak 4/24	Protokoll, orienteringar og referatsaker

29. februar 2024

Elin Marit Andgard (sign.)

SKNG

Kopi til: Ordfører, kommunedirektør/rådmann, Innlandet Revisjon IKS.

Møtet er offentleggjort på SKNG si heimeside: www.nord-gudbrandsdal.no/skng

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
Tysdag 12.3.2024	69/24	1-4/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 1/24 Konstituering: Val av leiar og nestleiar

Saksutgreiing

Bakgrunn

Samarbeidsavtala § 3:

1. Representantskapet er det øvste organet i SKNG og har det administrative, økonomiske og organisatoriske ansvaret for SKNG.
2. Representantskapet består av ein representant med personleg varamedlem frå kvar kommune. Desse blir valgt av kommunestyret.
3. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Forslag til vedtak

Sekretariatet legg ikkje fram forslag i saker som gjeld val.

Sak 2/24 Årsmelding og årsregnskap

Saksutgreiing

Vedlegg

- Årsmelding 2023

Bakgrunn

I fylgje samarbeidsavtala § 3.4 skal representantskapet handsame og sørge for årsregnskap og årsmelding.

Samarbeidsavtala § 8 omhandlar rapportering til deltakarkommunar, og at representantskapet sender årsmelding og årsregnskap til kommunane innan 15. mars.

Forslag til vedtak

Representantskapet godkjenner årsmelding og årsregnskap for 2023.

Sekretariatet oversender årsmeldinga til deltakarkommunene.

Sak 3/24 Omdanning SKNG

Saksutgreiing

Vedlegg

- Samarbeidsavtale for SKNG
- Budsjett-2024

Bakgrunn

Saken handlar om arbeid som står att før omdanninga er heilt ferdig.

Signering av samarbeidsavtale etter endring av § 3.3

Samarbeidsavtala bør signerast med siste endringen slik at det er føreligg berre ein versjon og at denne syner til når avtala er vedteke i kommunestyra.

Registrering i Brønnøysundregisteret

Registrering av Brønnøysund har bydd på praktiske problem fordi den som er registrert som dagleg leiar ikkje er i arbeid og skifte av styreleiar utan at dette er registert.

Tenesteytingsavtale med Sel kommune

Høve mellom representantskapet og Sel kommune er omtala i samarbeidsavtala § 6 (kontorstad, arbeidsgjevar og tenesteyting frå kommunen).

Tilvisning

I følgje samarbeidsavtala § 7.6 fastset representantskapet kven som tilviser utgifter som vedkjem sekretariatsleiar. Det har vore leiar av fellestenestene i Sel kommune som har utført dette.

Forslag til vedtak

Representantskapet vedtek:

1. Endring av organisasjonsform i Brønnøysundregisteret blir fullført samt registrering av valgt representantskapet.
2. Leiar av representantskapet og sekretariatsleiar får fullmakt til å inngå tenesteytingsavtale mellom SKNG og Sel kommune med ein årleg kostnad på inntil kr 20.000. Avtala blir utsendt til representantskapet.
3. Tilvisning av utgifter som vedkjem sekretariatsleiar blir tilvist av

Sak 4/24 Protokoll, orienteringer og referatsaker

Saksutgreiing

Møteprotokoll 1. november 2023

Protokollen var sendt ut 7.11.23 til styret, kommunene og kontrollutvala. Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknadar.

Diverse

- Tausheitserklæring
- Møtegodtgjering

Forslag til vedtak

Protokoll frå styremøte 1. november 2023 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.